



Nynorsk kultursentrum

Vedtaksprotokoll styreseminar og styremøte

Rica Hotell Bergen, Bergen

måndag 3. juni 2013 kl. 12.00 – tysdag 4. juni kl. 15.45

Til stades

Oppnemnde av Kulturdepartementet

Reidar Sandal (leiar), Sigrun Høgetveit Berg, Georg Arnestad, Torunn Hovland Ljone, Grete Riise, Jon Østbø, Åshild Widerøe

Observatørar

Geir S. Netland (*måndag*), Gaute Øvereng (*måndag*), Oddny Nupen Aarflot (*måndag*), Ottar Grepstad (sekretær)

Forfall

Bente LaForce, Anders Aanes, Wegard Harsvik (rådsordførar)

Sakliste

Konstituering

20/2013 Innkalling og sakliste

21/2013 Godkjenning av protokoll

Saker til orientering

22/2013 Referatsaker

23/2013 Orienteringssaker

24/2013 Personalsaker

Vedtaksaker

25/2013 Rekneskap januar – april 2013

26/2013 Språkåret 2013

27/2013 Kulturutredningen 2014

28/2013 Kulturløftet III

29/2013 Visjon og strategi 2013–2016

30/2013 Prioriterte forfattarar i samlingane

- 31/2013 Sikrings- og bevaringsplan 2013–2015
32/2013 Basisutstilling Olav H. Hauge-senteret
33/2013 Langtidsplan Dei nynorske festspela 2013–2016
34/2013 Ulvik poesifestival
35/2013 Styrehonorar
36/2013 Møteplan 2014
Saker til drøfting
37/2013 Resultatvurdering vårsesongen 2013

Styreseminar

Program 3.6.

- 12.00 Lunsj på hotellet
13.00 **Hauge-senteret og Ulvik poesifestival i vår portefølje**
Leiar Anne-Beth. Njærheim, kultur- og ressursutvalet i Hordaland fylkeskommune og utviklingssjef Ronny Skaar, kulturavdelinga, Hordaland fylkeskommune
14.30 **Basisutstillingar i vår strategi for formidling**
Dagleg leiar Gaute Øvereng, Ivar Aasen-tunet, og dagleg leiar Geir S. Netland, Olav H. Hauge-senteret
15.30 Pause
16.00 **Litteraturhuset i Bergen: Vår strategi for formidling**
Dagleg leiar Kristin Helle-Valle
17.15 Slutt
17.30 Middag
19.30 **Den nationale Scene: Skram vs. Kråkevik**

Konstituering

20/2013 Innkalling og sakliste

Vedtak

Innkalling og sakliste er godkjend.

21/2013 Godkjenning av protokoll

Vedtak

Protokoll frå styremøte 25.–26.2.2013 er godkjend.

Saker til orientering

22/2013 Referatsaker

Vedtak

Styret tek informasjonen til vitende.

23/2013 Orienteringssaker

Vedtak

Styret tek informasjonen til orientering.

24/2013 Personalsaker

Vedtak

Styret tek informasjonen til orientering.

Vedtakssaker

25/2013 Rekneskap januar – april 2013

Vedtak

Styret tek rekneskapen januar–april 2013 til vitende.

26/2013 Språkåret 2013

Vedtak

1. Styret tek informasjonen til vitende og bed om at innspela i drøftinga blir følgde opp.
2. Styret drøftar program for avslutningsarrangementet på møtet i september.

27/2013 Kulturutredningen 2014

Vedtak

Styreleiaren får fullmakt til å slutføre høyringsfråsegn om Kulturutredningen 2014 i samråd med direktøren på grunnlag av saksførelegg og drøftinga i møtet.

28/2013 Kulturløftet III

Vedtak

Styreleiaren får fullmakt til å slutføre innspel til Kulturløftet III i samråd med direktøren på grunnlag av saksførelegg og drøftinga i møtet.

29/2013 Visjon og strategi 2013–2016

Vedtak

1. Styret bed om at administrasjonen tek med innspela frå drøftinga i det avsluttande arbeidet med dokumentet.
2. Med den merknaden godkjenner styret *Visjon og strategi 2013–2016*.

30/2013 Prioriterte forfattarar i samlingane

Vedtak

Styret drøftar ein innkjøpsplan for førsteutgåver av prioriterte forfattarar på møtet i september.

31/2013 Sikrings- og bevaringsplan 2013–2015

Vedtak

1. Styret godkjenner *Sikrings- og bevaringsplan 2013–2015*.
2. Styret drøftar sikring- og bevaringsplanen neste gong i juni 2015.

32/2013 Basisutstilling Olav H. Hauge-senteret

Vedtak

1. Styret sluttar seg til grunnlaget for basisutstillinga i Olav H. Hauge-senteret med dei merknadene som kom fram på møtet.
2. Styret godkjenner framdriftsplanen med atterhald om endeleg finansiering.
3. Styret godkjenner budsjett og hovudlinjene i endeleg utstillingsplan i septembermøtet, og gjer endeleg budsjettvedtak i desembermøtet.
4. Styret drøftar situasjonen etter statsbudsjettet 2014 på telefonmøte 18.10.

33/2013 Langtidsplan Dei nynorske festspela 2013–2016

Vedtak

1. Med dei merknadene som kom fram i drøftinga, godkjenner styret *Langtidsplan nr. 4 Dei nynorske festspela 2013–2016*.
2. Styret bed om at kommunikasjonsstrategien for Festspela blir utdjupa som eiga sak eller som del av *Kommunikasjonsplan 2014–2016*.
3. Styret bed om at dei årlege resultatvurderingane byggjer på føresetnadene i langtidsplanen.
4. Styret drøftar neste langtidsplan i 2015.

34/2013 Ulvik poesifestival

Vedtak

Styret bed styreleiar og direktør ta med seg synspunkta frå drøftinga i dei avsluttande forhandlingane med Ulvik herad.

35/2013 Styrehonorar

Vedtak

1. Tilrådinga frå valnemnda og rådet om godtgjersle for verv i Nynorsk kultursentrum blir teken til følgje på alle punkt i samsvar med saksførelegget.
2. Dei nye retningslinjene gjeld frå 1.1.2013 og blir neste gongen drøfta hausten 2015.

36/2013 Møteplan 2014

Vedtak

1. I 2014 har styret ordinære møte i Ivar Aasen-tunet 25.2., 12.–13.6., Ivar Aasen-tunet 25.9. og 5.12.

2. På grunnlag av drøftinga i møtet bed styret administrasjonen til neste møte skissere program for eit styremøte i eit nordisk land juni 2014.

Saker til drøfting

37/2013 Resultatvurdering vårsesongen 2013

Vedtak

Styret bed administrasjonen leggje fram ein samla strategi for dei ulike sesongane på styremøtet i desember.

Godkjend protokoll

Protokollen frå styreseminar og styremøte 3.–4. juni 2013 er godkjend i møte 26. september 2013.

Reidar Sandal

Torunn Hovland Ljone

Georg Arnestad

Jon Østbø

Grete Riise

Sigrun Høgetveit Berg

Åshild Widerøe

Ottar Grepstad